



Notat

Til Truls Morten Kaland
Kopi til:

Saksbehandlar: Samfunnsutvikling/Willy Andre Gjesdal
Vår referanse: 14/1860 - 16/7232 / FE - 205, FA - L00
Dato: 12.10.2016

Emne: GEBYR FOR HANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLPOVA, MATRIKKELLOVA MM. FOR 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming vert vedtatt med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, matrikkelova § 32, eigarseksjonslova § 7, ureiningslova § 52a, hamne og farvasslova § 6 og forvaltningslova § 27a jf forskrift om gebyr for handsaming av konsesjonssaker. Forskrifta vert å kunngjere lokalt.

Saksopplysningar:

Vaksdal kommune har frå 2014 felles mal for gebyrforskrift for plan- og byggesaker, kart og delingsaker med kommunar i Nordhordlandssamarbeidet.

I følgje regelverket skal kommunen dokumentere om krav til sjølvkost er tilfredsstilt. Det vil mellom anna seie at eit eventuelt overskot skal setjast av i fond til seinare bruk.

Sjølvkostrekneskapen for 2015 viser at Vaksdal kommune tar inn mindre i gebyr for sakshandsaming enn kostnadene våre:

Teneste	Driftskostnader 1000 kr	Driftsinntekter 1000 kr	Subsidiering 1000 kr	Inndekningsgrad
Plansak	224	50	174	22 %
Byggjesak	770	626	144	81 %
Kart- og oppmåling	833	572	261	69 %

Gjennomsnittsgebyr for sakshandsaming i 2016 for 5 av kommunane med felles gebyrmaal er:

	Meland	Lindås	Osterøy	Radøy	Vaksdal	Snitt
Kroner	8 149	9 152	8 782	7 021	6 566	7 635
Del av dyraste	89 %	100 %	96 %	77 %	72 %	87 %

Lindås kommune har høgast gebyr med eit gjennomsnittsgеbyr på 9 152 kroner, medan Vaksdal har lågast gebyr med kroner 6 566 i gjennomsnitt. Gebyr for sakshandsaming er fritеken meirverdigavgift.

I forslaget til gebyr for 2017 er gebyrsatsane harmonisert mot dei andre kommunane. Dette betyr at for nokre område er gebyra redusert eller uendra, medan dei er auka for andre område. Vidare så har vi i forslaget for 2017 gebyr lagt oss på nivået i Radøy i 2016.

Gebyra aukast i snitt med 8,5 %, gjennomsnittsgеbyret for 2017 vert med dette 7 127 kroner.